



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato: 03.02.2010
Møtetid: 14:00 - 18.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Sture Tveit fekk permisjon og forlot møtet kl 17.00 etter handsaming av sak 3/10	Arild Røen måtte i staden for han. Han møtte f.o.m. sak 5/10

Andre som var til stades på møtet:
Einingsleiar for teknisk Ivar Erstad, avd. ing. John Inge Sandvik Rådmann Tone Ramsli var til stades ved handsaming av sakene 3 – 7/10

Merknader:
Utvalet var på synfaring i samband med sak 2/10

Orienteringar/meldingar:	Notat med spørsmål om oppklassifisering av veg til Årheiane (journal nr. 09/548/10/291)
---------------------------------	---

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 09.02.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/10	10/68	Faste saker	
002/10	09/572	Ridebane og parkeringsplass gnr 19, bnr 8	
003/10	09/659	Byggjesak forretningsbygg Bjørkheim gnr 18, bnr 209.	
004/10	09/624	Veg fram til grensejustering på gnr 18, bnr 76	
005/10	09/174	Endring av reguleringsplan Ytre Tysse - endeleg vedtak	
006/10	09/664	Delingssak gnr 26 bnr 4	
007/10	09/210	Kommunale vegar	

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

03.02.2010 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Administrasjonen ga tilbakemelding på tidlegare spørsmål i utvalet:

- **Tunnel Gjerde.** Vedlikehald på til saman 19 tunnelar i Hordaland er sett i gang. Tunnelen på Gjerde er ein av dei og arbeidet her vil skje i mars.
- **Trafikktiltak Ytre Tysse.** Teljing har vist 20.000 bilar over 5 veker. Snittfart 35 km/t. Målinga viser at 85% har ei snittfart på 43 km/t. Det er varsla at det vert sett inn tiltak for å redusera farta – humpar og skilting. Midlar til det må koma frå fylkesvegbudsjettet.
- **Vegar hyttefelt Eikedalen.** Utbyggjar har fått høve til å bruka vegane i feltet i utbyggingsperioden. Noko uklart om det skal gjelda heile perioden for alle vegane. Det er aktuelt med ei sak til utvalet, samt at det vert eit møte med utbyggjar.
- **Skogsveg Høysæter.** Administrasjonen treng meir informasjon om kva vegar dette gjeld. Utvalet ga tilbakemelding om at det var skogsveg frå Helgeland mot Svein Høysæter sin eigedom. Administrasjonen vil undersøkje om det her er etablert vegar utan at det er søkt om tiltaket.

Administrasjonen orienterte utvalet om desse sakene:

- **Ytre Tysse.** Det er i gang tingingar med entreprenør for høgdebassenget. Under føresetnad om tilleggsfinansiering (k-styre 18.02.10) vert oppstart ca. 10 mars med 90 dagar anleggstid. Anbodsdokument tusenårsparken, kai og del av miljøgata ferdig 15.02.10. Målsetting om oppstart mai/juni.
- **Planarbeid/-ressursar** 4 konulentfirma er førespurd om pris på rammeavtale. Førespurnad gjeld generelt planarbeid, strandsoneplan og byggjeleiing. Val av leverandør ca. 20. Februar. Stilling som planleggjar har vore lyst ut. Det er berre kome inn 2 søkjarar, og kompetansen deira ligg litt på sida av det kommunen etterspør. Me vil ta ein uformell samtale med den eine søkjaren.
- **Liavegen.** Det er gjennomført feltarbeid som viser noko fast fjell som kan nyttast til oppattbygging av vegen.
- **Vassforsyning Aadland** Tiltaket er gjennomført, og vatn vert no levert til kundane som har gitt gode tilbakemeldingar.
- **Notat med spørsmål om oppklassifisering av veg til Årheiane.** Administrasjonen ba om syn på om kommunen skulle tillata oppklassifisering av den kommunale vegen for at det skulle transporterast ut tømmer. Utvalet ga tilbakemelding om at slikt løyve ikkje burde gjevast både av omsyn til fare for skade på vegen og kommunen sitt ansvar i så fall.

Utvalet sitt kvarter:

Sture Tveit stilte desse spørsmåla:

- Lista over delegerte saker manglar.
Administrasjonen må sikra at den kjem med ved utsending.

- Verna vassdrag i lys av spm. om utbygging i Eikedalsvassdraget. Han viste til at det er tilsvarande problemstillingar i Granvin.
Kompetansesenteret for småkraft har hatt dette spørsmålet oppe til drøfting med spørsmål om korleis dei skal engasjera seg. I styringsgruppa her sit m.a. ordførar i Granvin. Konklusjonen er at kompetansesenteret skal senda skriv til departement for å øva påtrykk for at det vert gjennomført ei ny vurdering av dei verna vassdraga.
- Kva skjer med ulovleg bygd hytte i Tjørnadalen.
Av ulike grunnar (m.a. juridiske) må denne saka opp til ny handsaming.
Administrasjonen tek sikte på å få den fram til neste møte.

Gunnar Bruvik etterlyste trafikksikringstiltak på Ytre Tysse.

Utvalet ønskte den nye planlova tilsendt. Det etterlyste og kurs i bygningslova.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT-001/10 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/10

Ridebane og parkeringsplass gnr 19, bnr 8

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av ridebane og parkeringsplass i LNF område på Gnr.19 Bnr.8 i Nordvik.

Med heimel i Jordlova § 9 vert det gjeve omdisponering av areal til bygging av ribebane og parkeringsplass på Gnr.19, Bnr.8 i Nordvik.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for ridebane og parkeringsplass på Gnr.19 Bnr.8 i Nordvik.

Løyvet er gjeve med fylgjande krav:

Muren skal plasserast minimum 1 m frå den kommunale vegen.

Fundament for muren skal liggja lavare enn bunn grøft for den kommunale vegen.

Overflatevatn frå terrenget skal takast hand om i bakkant av bana og parkeringsplassen og førast til elva i syd.

Skjæring i bakkant må renskast og sikrast og utførast på ein estetisk måte.

I tillegg kjem ein med fylgjande oppfordring til tiltakshavar:

I og med at området ligg inn til eit godt bevart kulturlandskap, bør tiltakshavar vurderer å setja opp muren i anna materiale enn betong.

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29 – 32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

03.02.2010 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Rådmannen sette fram slikt **tillegg** til framlegget sitt:

Før arbeidet kan setjast i gang **skal** det utarbeidast avfallsplan for "hestamøk". Planen skal godkjennast av Samnanger kommune.

Det vert kravd ansvarsrett for heile tiltaket

Framlegg til vedtak med tillegg vart vedteke mot 1 røyst.

NAT-002/10 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av ridebane og parkeringsplass i LNF område på Gnr.19 Bnr.8 i Nordvik.

Med heimel i Jordlova § 9 vert det gjeve omdisponering av areal til bygging av ribebane og parkeringsplass på Gnr.19, Bnr.8 i Nordvik.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for ridebane og parkeringsplass på Gnr.19 Bnr.8 i Nordvik.

Løyvet er gjeve med fylgjande krav:

Muren skal plasserast minimum 1 m frå den kommunale vegen.

Fundament for muren skal liggja lavare enn bunn grøft for den kommunale vegen.

Overflatevatn frå terrenget skal takast hand om i bakkant av bana og parkeringsplassen og førast til elva i syd.

Skjæring i bakkant må renskast og sikrast og utførast på ein estetisk måte.

Det vert kravd ansvarsrett for heile tiltaket

Før arbeidet kan setjast i gang **skal** det utarbeidast avfallsplan for "hestamøk". Planen skal godkjennast av Samnanger kommune.

I tillegg kjem ein med fylgjande oppfordring til tiltakshavar:

I og med at området ligg inn til eit godt bevart kulturlandskap, bør tiltakshavar vurderer å setja opp muren i anna materiale enn betong.

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29 – 32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

SAKNR. 003/10

Byggesak forretningsbygg Bjørkheim gnr 18, bnr 209.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Bjørkheim til å byggja nærare den kommunale vegen i området enn byggjegrensa seier.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rammeløyve for forretning/utleigebygg på Gnr.18, Bnr.209 på Bjørkheim.

Løyve er gjeve i samsvar med søknad av 04.12.09.

Det vert gjeve ansvarsrett til Sivilarkitekt Helge Christiansen AS for prosjektering og kontroll av prosjektering arkitektfag, som fylgjer kvittert i retur.

Evt. krav frå arbeidstilsyn og utforming, materialvalg av bygget må oppfyllest når endeleg byggjesøknad føreligg.

03.02.2010 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Rådmannen sette fram slikt tillegg til tilrådinga:

I den pågåande handsaminga av fleirbrukshall i kommunen er spørsmålet om å laga ein områdeplan som omfattar m.a. Bjørkheim oppe til drøfting. Kommunestyret skal i møte 18. februar 2010 ta stilling i denne saka. I lys av dette og med visning til § 13.1 i planlova vert rammeløyve for forretningsbygg/utleigebygg på gnr 18 bnr 209 på Bjørkheim gitt under føresetnad av at det **ikkje** vert sett i gang arbeid med orrådeplan.

Helga Nygård sette fram framlegg om at saka vert utsett til etter møte i kommunestyret då ein ventar ei avklaring på om det vert starta arbeid med ein områdeplan som også vil omfatta det regulerte området på Bjørkheim.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

NAT-003/10 Vedtak:

Saka vert utsett.

SAKNR. 004/10

Veg fram til grensejustering på gnr 18, bnr 76

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til grensejustering for gnr.18 bnr.76 og bygging av veg over gnr.18 bnr.7.

Med heimel i plan og bygningslova §93 pkt.j, vert det gjeve byggjeløyve for veg over gnr.18, bnr.7 på Reista.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 04.01.10

03.02.2010 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-004/10 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til grensejustering for gnr.18 bnr.76 og bygging av veg over gnr.18 bnr.7.

Med heimel i plan og bygningslova §93 pkt.j, vert det gjeve byggjeløyve for veg over gnr.18, bnr.7 på Reista.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 04.01.10

SAKNR. 005/10

Endring av reguleringsplan Ytre Tysse - endeleg vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 27 – 2 vert tidlegare vedtak i naturutvalet (sak 37/09) om godkjenning av reguleringsplan for Ytre Tysse oppretthalde med ei mindre endring av arealformålet framføre butikken til Finn Mohn.

Reguleringsplan med mindre endring dagsett 14. januar 2010 vert vedteken.
Gjeldande føresegner dagsett 16. september 2009 vert oppretthalden.

03.02.2010 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Gunnar Bruvik ba om å få vera ugild ved handsaming av denne saka, noko utvalet slutta seg samrøystes til.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-005/10 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 27 – 2 vert tidlegare vedtak i naturutvalet (sak 37/09) om godkjenning av reguleringsplan for Ytre Tysse oppretthalde med ei mindre endring av arealformålet framføre butikken til Finn Mohn.

Reguleringsplan med mindre endring dagsett 14. januar 2010 vert vedteken.
Gjeldande føresegner dagsett 16. september 2009 vert oppretthalden.

SAKNR. 006/10

Delingssak gnr 26 bnr 4

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon til deling i LNF område på Gnr.26 Bnr.4 på Haga.

Med heimel i plan og bygningslova §63 og §93-h vert det gjeve delingsløyve på Gnr.26 Bnr.4 på Haga. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 23.11.09.

Eigedomen kan ikkje delast etter §12 i jordlova.

03.02.2010 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet var samrøystes på at søknaden skulle imøtekomast også etter jordlova.

NAT-006/10 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon til deling i LNF område på Gnr.26 Bnr.4 på Haga.

Med heimel i plan og bygningslova §63 og §93-h vert det gjeve delingsløyve på Gnr.26 Bnr.4 på Haga. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 23.11.09.

Eigedomen kan delast etter §12 i jordlova.

SAKNR. 007/10

Kommunale vegar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Sigmund Dyrhovden sette fram framlegg om at saka vert utsett til neste møte.

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

03.02.2010 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta saka inngåande. Det vart sett nærare på dei ulike kriteria. Spørsmål om kva kommunen ville spara med å privatisera dei ulike vegane vart drøfta. Det same vart spørsmålet om rettferd og om kva som var mogleg for dei einskilde oppsitjarane å ta hand om – lange vegar med få oppsitjarar -.

Naturutvalet konkluderte med at det vil vera svært vanskeleg for kommunane å privatisera dei vegane som kostar kommunen mykje. Dette er vegar som er lange og dei krev mykje vedlikehald særleg på vinterstid. Det bur også relativt få innbyggjarar langs desse vegane. Dei økonomiske innsparingane særleg på vintervedlikehaldet er realtvt liten på dei vegane som er mest aktuelle å privatisera. Utvalet vedtok samrøystes å rå kommunestyret til at det ikkje vert gjort endringar i statusen for dei kommunale vegane.

NAT-007/10 Vedtak:

Vurderingane av dei valde kriteria sett opp mot det som er mogleg å påleggja oppsitjarane av kostnad og ansvar og den økonomiske innsparinga som kan forventast tilseier at det ikkje vert føreteke omklassifisering av dei kommunale vegane.

